

**Fra:** Kjartan Thoresen (kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no)

**Sendt:** 14.02.2018 09:00:15

**Til:** Hans-Christian Engum; Lars Øyvind Birkenes

**Kopi:** Eva Katrine Ritland Taule; Harald Maaland; Hildegunn Furdal; Anbjørn Høivik; Odd Ivar Øvregård

**Emne:** KPA - Kvinnherad - slutthandsaming

**Vedlegg:** image001.gif;image002.gif;Planforklaring.pdf;Føresegner.pdf

Hei

Som de veit, har vi hatt lange rundar Fylkesmannen og deira motsegner til KPA i Kvinnherad etter at planen var på høyring hausten 2016. Etter det siste møtet vi hadde sist veke, ser det no ut som vi kan ha grunnlag for eigendokjening av planen. Det er særleg områda for spreidd bygging i LNF (LNFS), fastsetting av byggjegrænse mot sjø og KU-kravet til akvakultur som har vore tidkrevjande å løyse. Vi sender etter kvart ut eit brev der vi bed Fylkesmannen, Statens vegvesen, NVE og Hordaland fylkeskommune om å trekke motsegnene som er knytt til planen. Når det gjeld motsegna frå fylkeskommunen, har vi hatt grundig gjennomgang fråsegna de gav etter høyring, og meiner at grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades. Dersom de har trong for ein gjennomgang med oss om kva endringar som er gjort i planen, med utgangspunkt i fråsegna de kom med etter høyring, stiller vi sjølv sagt opp og legg fram planproduktet slik det ligg føre no. Vi kan ta eit møte i Bergen eller via Skype om det er ynskjeleg? Rådmannen ynskjer at saka om slutthandsaming skal opp i kommunestyret i mars.

Vedlagt finn de siste versjonar av planforklaring og føresegner. Nokre av dei seinaste endringane er skrive med raud skrift. Under finn de lenke til plankartet. Her vil det bli gjort endringar fortløpande heilt fram til vedtak, desse kartendringane går mest på justering av byggjegrænse mot sjø, samt handtering av forholdet mellom KPA og reguleringsplanar.

<http://www.kommunekart.com/klient/kvinnherad/kommuneplanarbeid>

Med helsing

**Kjartan Thoresen** | Arealplanleggjar

Mobil: +47 408 80 172

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



*Tenk miljø før du skriv ut!*